

ÅRSMØTEPROTOKOLL FOR ÅRSMØTE HALDE 13. April 2016 i Galteråsen 4

Desse møtte:

<i>Frå styret møtte:</i>	<i>bedrift (organisasjon);</i>
Nils Arne Træland (styreleiar)	Lindås VVS, Nils Træland
Konrad Risnes (nestleiar i styret)	Risnes Elektro
Mette Marei Træland (styrerepr.)	Lindås kommune
Bente Lorentzen (styrerepresentant)	NHIL (Nordhordland Handverk og Industrilag)
Silje Nilsen (styrerepresentant)	LO Nordhordland
Kjersti Haugland (styrerepresentant)	Austrheim vidaregåande skule

<i>Frå medlemsbedriftene møtte;</i>	<i>bedrift;</i>
Geir Kleppe (leiar i valnemnda)	Nordhordland elektro
Wenche Myrmel (medlem i valnemn.)	Austrheim kommune:
Øyvind Oddekalv	Meland kommune
Nina Bognøy	Lindås kommune
Tove Nordseth	Fedje kommune
Alf Rune Helgesen	Henrik Helgesens eft.
Jimmy Pasali	Kafedrift

Frå administrasjonen møtte: Lillian Vabø Mongstad (dagleg leiar)

Informasjon om årsmøte vart lagt på nettsida i januar 2016. Invitasjon vart sendt på e-post til alle medlemsbedriftene i god tid før fristen. Sendt med sakliste, årsmelding og årsrekneskap for 2015, revisjonsberetning, medlemsliste og gjeldande vedtekter som vedlegg.

Styreleiar Nils Arne Træland opna årsmøte, kl. 18.03.

Årsmøtesaker:

1. *Godkjenning av innkalling.* Godkjent utan merknadar
2. *Godkjenning av saksliste.* Godkjent utan merknadar
3. *Val av møteleiar.*
Årsmøte valde Nils Arne Træland til møteleiar.
4. *Val av skrivar og 2 personar til å skriva under møteprotokollen.*
Lillian Vabø Mongstad vart valt til skrivar, og Bente Lorentzen og Nina Bognøy fekk kontrolloppgåva og vart valt til å skriva under årsmøteprotokollen.

5. *del 1; Styret si årsmelding.*

Styreleiar Nils Arne Træland las opp årsmeldinga.
Årsmeldinga vart godkjent av årsmøte utan innvendingar.

Del 2; Utbetaling av overskott/opplæringstilskott.

Dagleg leiar Lillian Vabø Mongstad orienterte om styret si tilråding (jfr. årsmeldinga) om å setja av kr. 5.000.000,- til utbetaling til bedriftene. Dette inneber ei utbetaling på 71 % av lærlingetilskottet for 2015. Delar av dette varty utbetalt som forskott til bedriftene i nov. 2015, resterande tilskott vil bli utbetalt etter vedtak i årsmøte.
Årsmøte vedtok å fylgja tilrådinga frå styret, med ei samla utbetaling på kr. 5.000.000.

5. *Rekneskap 2015.*

Dagleg leiar la fram revidert rekneskap og orienterte om innhaldet.
Rekneskapen vart godkjent utan merknadar.

6. *Rammebudsjett 2016.*

Dagleg leiar orienterte om styret sitt framlegg til rammebudsjett;

Utgifter:

Lønns- og personalkostnadar kr.	1.700.000,-
Driftskostnadar kr.	1.154.000,-
<u>Overskott (til lærebedriftene)kr.</u>	<u>5.000.000,-</u>
Sum utgifter kr.	7.854.000,-

Inntekter:

Offentlege tilskott kr.	7.550.000,-
<u>Andre inntekter kr.</u>	<u>304.000,-</u>
Sum inntekter kr.	7.854.000,-

Årsmøte godkjente styret sitt framlegg til rammebudsjett for 2016 utan innvendingar

7. *Val av styremedlemmar – leiar og valnemnd.*

Leiar i valnemnda, Geir Kleppe, presenterte framlegget frå valnemnda.
Og årsmøte slutta seg til valnemnda sitt framlegg.
Under fylgjer resultatet av valet:

Styreleiar 2016: Nils Arne Træland, Lindås VVS (valt for 1 år)

Personleg varamedlem: Terje Seim, Seim Bygg (valt for 2 år)

Styremedlem: Konrad Risnes, Risnes Elektro (ikkje på val)

Personleg varamedlem: Eirik Eknes, Eknes karosseri (ikkje på val)

Styremedlem: Mette Marei Træland, Lindås kommune (valt for 2 år)

Personleg varamedlem: Kathrine Straumøy Brakstad, Meland kommune (valt for 2 år)

Styremedlem: Kjersti Haugland, rektor Austrheim vgs (ikkje på val)

Personleg vara: Rektor Knarvik vgs, Kari Espelun Bruvik (ikkje på val)

Styremedlem: Leiar i LO Nordhordland, (ny leiar vert valt på LON sitt årsmøte 4. mai, valt for 2 år)

Personleg vara: Nestleiar i LO Nordhordland, Britt Inger Myhr (valt for 2 år)

Styremedlem: Jimmy Pasali, NHIL (valt for 2 år)

Personleg vara: Ove Kåre Kjeilen, (valt for 2 år)

8. *Val av valnemnd 2016;*

Styret foreslo gjenval av sitjande valnemnd, noko årsmøte slutta seg til.

Valnemnd for valet i 2017 blir då:

Geir Kleppe frå Nordhordland Elektro (leiar)

Wenche Myrmel frå Austrheim kommune og

Vidar Aasgård frå Mundal Subsea.

Val av Revisor:

Årsmøte vedtok å oppretthalda avtalen med Statsautorisert revisor Ola T. Gimnes frå Revisjonsselskapet Olstad & Co AS.


Avslutning:

Styreleiar Nils Arne Træland takka avtroppande styremedlemmar for innsatsen, med overrekking av blomar. Dagleg leiar fekk også takk for innsatsen, før han takka for frammøte, og erklærte årsmøte som avslutta.

Ref. Lillian Vabø Mongstad

Knarvik 14.04.2016


Bente Lorentzen


Nina Bognøy